

For tidleg med julebord

09.11.2011

[For tidleg å la seg frista....](#)

Systrene Nilsen lokka kommande helg med gravlaks, hjortekalv og tilslørte bondepiker, men det slog ikkje an, Gunnhild Nilsen opplyser til uskedalen.no at dei må avlysa arrangementet og heller håpa på julebordserveringa nærare jul.'

- Det hadde nesten ikkje meldt seg nokon til 11. og 12. og vår konklusjon blir at det er for tidleg, seier Gunnhild.

- Men 26. november og 3. desember blir det tradisjonelt julebord...

- Jau, og vi har nesten fullt både den eine og den andre dagen. Det er med andre ord litt ledig, så hvis folk er raske til å ringa har dei framleis sjansen.

- Korleis har det vore med lukka lag denne hausten?

- Vi er veldig godt fornøgde ettersom det har vore 3-4 slike lag og håpar det held fram slik i neste år, svarer den eine av systrene...

Av Ola Matti Mathisen